

Paula er tilbake hos Eidsvik

03.03.2011



2011: Paula er tilbake hos Eidsvik (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein velkjend båt i Uskedalen er tilbake ved Eidsvik Skipsbyggeri.
MS Paula la til kai her onsdag og Svein Arne Eidsvik opplyser til uskedalen.no
at oppdraget i første omgang gjeld avrigging av alt trålarutstyr
og trålarvinsjar.
Det skjer fordi båten skal ombyggast til snurpar.**



Paula blir overlevert i 1994 (Foto: Harald Sætre)

Denne jobben vil beskjæftiga 6 mann i halvannan veke.



[Paula inn for reparasjon i 2005 \(Foto: Harald Sætre\)](#)

Historia om Paula er no inne i sitt tredje kapitel hos Eidsvik.
Ho vart bygd der for det irske rederiet Doyle Fishing Company Ltd
og levert i 1994 som byggjenummer 51 ved Uskedalen-verftet.
I 2005 kom Paula attende til Eidsvik for reparasjon
etter eit havari.

No er ho kjøpt tilbake til Noreg av Dales Rederi på Os og
skal erstatta den noverande fiskebåten som rederiet har.
Den heiter MS Røttingøy og Paula blir no den nye MS Røttingøy
med ein auka lastekapasitet på 50 prosent samanlikna med den
gamle båten. Om eit halvt års tid skal Paula/Røttingøy til havs att.

Av Ola Matti Mathisen